

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 9/2018, 10. AUGUST 2018.

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

VELKOMNE TIL NYTT SEMESTER - VELKOMEN TIL NYE STUDENTAR - SEMESTEROPNING 14. AUGUST

Tysdag 14. august kl 12.00 vert det offisiell semesterstart ved Høgskulen i Volda. Opplegget er i hovudsak det same som det har vore dei siste fire åra med utescene mellom Synnøve Riste-huset og Berte Kanutte-huset. Hovudtalar er vår tidlegare student Mah-Rukh Ali, som blant anna er kjend frå NRK Dagsrevyen. Det blir musikalsk innslag ved Side Brok og elevar frå Øyra skule. Vidare står blant anna utdeling av studentpris på dagsorden. Programleiarar vert studentane Sara Brevik Bergland og Tina Wilke. Det er også kjekt at det er gode vermeldingar for opningsdagen, sidan opninga er utandørs. NB! Det er ikkje alle som er klar over at opninga er på barmark, så sitteunderlag kan vere greitt å ta med for somme.

Etter opningshøgtida tek Fadderveka over arrangementet og samlar studentane i grupper og tek dei med til faglege orienteringar som skal starte kl 13.15.

Her er programmet for opningsdagen: <https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/studiestart>

SEMESTEROPNINGA: OPE FØREDRAG OM "DIGITAL KOMPETANSE I SKULEN"

På opningsdagen vert det ein fagleg bolk der Synnøve H. Amdam held føredrag om "Digital kompetanse i skulen", på bakgrunn av forskings- og utviklingsarbeid på feltet og ikkje minst på bakgrunn av to samarbeidsprosjekt med Ulstein kommune og Volda kommune. Føredraget med påfølgjande diskusjon går i auditorium Store BK, tysdag 14. august frå kl 10.30-11.45.

SEMESTEROPNINGA: MINIKONSERT MED SIDE BROK KL 11.40

Semesteropninga ved Høgskulen i Volda har ei lita oppvarming frå kl 11.40 då Side Brok dreg i gang ein minikonsert. Sjølve opninga startar kl 12, og då vil Side Brok opptre saman med ein klasse heilt sikkert spente elevar frå Øyra skule. Dei skal bidra med ein ungdommeleg rapversjon av "Nordmannen".

SEMESTEROPNINGA: STORTINGSREPRESENTANTAR, FYLKESMANN OG NÆRARE HUNDRE ANDRE GJESTER TIL SEMESTEROPNINGA

Det kjem nærare hundre gjester til høgskulen i samband med semesteropninga. Blant dei som kjem er fylkesmann Lodve Solholm, stortingsrepresentantane Helge Orten (H) og Fredric Bjørdal (Ap) og fylkesvaraordførar Gunn Berit Gjerde (V). Så det blir tverrpolitisk oppmøte på årets semesteropning. Fleire andre høgskular, ei rekkje ordførarar og representantar frå mange andre samarbeidande organisasjonar har også valt å få med seg semesteropninga ved Høgskulen i Volda i år. Det set vi stor pris på - dei er hjarteleg velkomne!

SEMESTERSTART: KVAR SKAL EG MØTE OPP? SJEKK "PRAKTISK INFORMASJON"

Så godt som alle studium skal no ha fått på plass informasjon om tid og stad for den første samlinga for studentar og lærarar - og gjerne også dei første dagane eller vekene av studiet. Dette skal stå under "Praktisk informasjon" under kvart einskild studium på våre nettsider.

SEMESTEROPNING I ÅLESUND OG MOLDE 15. AUGUST

Høgskulen i Volda blir representert på semesteropningane ved Høgskolen i Molde (rektor) og NTNU Ålesund (prorektor).

GODT STUDENTOPPTAK VED HØGSKULEN I VOLDA

Høgskulen i Volda har for studieåret 2018-2019 fått eit godt opptak der mange av dei store bachelorutdanningane har like mange søkjarar som før eller auke i søkinga. Opptaket har difor vorte steng tidlegare enn vanleg på mange studium. Det er også auke i søking på dei fleste masterstudia. Høgskulen hadde som kjent for første gong fleire enn 4.000-studentar hausten 2017, og det er ikkje eit mål i seg sjølv å auke talet på studentar. Men med ny auke i søking i Samordna opptak og sterk søking i lokalopptaket så skal vi ikkje sjå bort frå at det også hausten 2018 vil vere registrert fleire enn 4.000 studentar ved Høgskulen i Volda. Det veit vi først seinare i haust.

HØGSKULEN I VOLDA HAR BLITT "MILJØFYRTÅRN"

Høgskulen i Volda har nett fått melding om at høgskulen har vorte sertifisert som Miljøfyrtårn. Dette vil seinare bli markert med overrekking av diplom som eit synleg prov på at høgskulen tek miljøarbeid på alvor. Les meir om Miljøfyrtårn her: <https://www.miljofyrtarn.no/>

HØGSKULEN I VOLDA OG ULSTEIN KOMMUNE DEBATTERER DIGITAL LÆRING PÅ ARENDALSVEKA

Dekan Audhild G. Rotevatn representerer Høgskulen i Volda på debatten "Nok preik. Hvordan kan vi gjøre barn til skapere, og ikke bare forbrukere av teknologi" under Arendalsveka, 14. august. Ulstein-ordførar Knut Erik Engh er også med i panelet, og bakgrunnen er blant anna samarbeidet mellom Høgskulen i Volda og Ulstein kommune om digital læring i skulen.

<https://arendalsuka.no/event/user-view/7625>

PRØVEPROSJEKT FOR NÆRVÆRSREGISTRERING PÅ BARNEHAGELÆRARUTDANNINGA

Høgskulen i Volda vil hausten 2018 starte eit prøveprosjekt med eit nytt system for nærværsregistrering for studentar, og studentane på Barnehagelærerutdanninga (BLU) vert pilot. Systemet går ut på at studentane gjennom ein app registrerer seg når obligatorisk undervisning tek til, og så sjølve skal kunne følgje med på om dei har nok deltaking til å få godkjent emna dei tek. Om piloten er vellukka vil vonleg alle andre få tilbod om å melde seg på i neste semester, våren 2019. Det finst ikkje noko felles system for nærværsregistrering for UH-institusjonar, men det er muleg at eit fellesprosjekt gjennom Uninett vil kome seinare.

SJU SØKJARAR PÅ PROFESSOR/DOSENTSTIPEND

Det har meldt seg sju søkjarar på professor/dosentstipend då fristen gjekk ut 1. august 2018. Rektor vil sette ned eit utval som skal vurdere søkjarane og så vil Forskingutvalet seinare i haust tildele 2 eller 3 stipend.

SØKNADSRIST FOR DIREKTØRVIKAR 13. AUGUST - STYRET HAR SETT NED INNSTILLINGSUTVAL

Høgskuledirektør Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen skal ha fødselspermisjon første halvår 2019. Mellombels stilling som høgskuledirektør er no lyst ut internt, og søknadsfristen er måndag 13. august. Høgskulestyret har sett ned eit innstillingsutval som skal kome med innstilling til høgskulestyret om kven som bør gå inn som vikar. Innstillingsutvalet har same representasjon som då høgskuledirektøren vart tilsett: 2 styremedlemmer, 2 representantar frå tilsettes organisasjonar, ein dekan og ein student.

Informasjon om utlysinga: <https://www.hivolda.no/hivolda/ledig-mellombels-stilling-som-hogskuledirektor>

UTLYSING AV DEKANSTILLINGAR - SØKNADSRIST TRULEG VED NYTTÅR

Åremåla til tre av dekanane går ut neste år, og arbeidet med å tilsette dekanar for ein ny fireårsperiode har så vidt starta. Høgskulestyret vil få dette på bordet i dei to første styremøta i haust. Dei tre avdelingane dette gjeld er Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Avdeling for kulturfag og Avdeling for samfunnsfag og historie. Søknadsfrist for dekanstillingane blir truleg 31.12.2018.

NYE LEIARAR I FELLEADMINISTRASJONEN

Postboks 500
6101 Volda
tlf. 70 07 50 00

Besøksadresse
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
hivolda.no

Randi Urke tok til som ny personalsjef 1. august. Ho har tidlegare jobba i Ulsteingruppen, men har også lærarutdanning. Henriette Hafsaas tok 1. august til som forskingssjef. Ho var tidlegare tilsett som biblioteksjef. Stillinga som biblioteksjef er lyst ut, og Kirsti Langstøyl fungerer i stillinga inntil vidare.

NYE INSTITUTT OG INSTITUTTLEIARAR PÅ AMF

Fagmiljøa i Media, IKT og design og Digital kompetanse i læring vart flytta frå AKF til AMF ved nyttår, og det har medført ei intern omorganisering av avdelinga. No er inndeling i institutt og instituttleiingar på plass internt på avdelinga: Institutt for journalistikk: Jan Ytrehorn. Institutt for kommunikasjon: Lars Julius Halvorsen. Institutt for film og animasjon: Dag Roland.

SOLCELLENE: MAI GAV MEIR STRAUM ENN JUNI OG JULI

No når regnveret har kome kan det vere greitt å minnst soldagane ved å gå inn på statistikken for straumproduksjon på solcellene på taket av Berte Kanutte-huset. Statistikken fortel at både mai, juni og juli var solrike månader - men mai gav faktisk LITT større straumproduksjon enn dei to andre månadene, med 20,85 MWh.

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018 OG 2019

Hausten 2018

- 14.8. Semesteropning for studieåret 2018-2019: <https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/studiestart>
- 24.8. Samling for nyttilsette
- 6.9. Seminar om HVO-historia
- 13.9. Styremøte 5/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 19.-27.9 Forskingsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/kategori/forskning-og-utvikling/forskingsdagane-2018-oppvekst>
- 26.-27.9. Karrieredagane 2018: <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2018>
- 22.-23.10. Styreseminar på Hotell Ivar Aasen - styremøte 6/2018 (på Høgskulen): <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 24.10. Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal held møte på HVO: <https://mrfylke.no/Politikk/Politiske-organ/Kultur-og-folkehelseutvalet>
- 31.10.-1.11. Utdanningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>
- 1.-2.11. Barnehagekonferansen 2018: <https://www.hivolda.no/barnehagekonferansen-more-og-romsdal>
- 6.12. Styremøte 7/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

Viktige datoar i 2019

- 20.8.2019 Semesterstart

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Det er under utlysning faste stillingar som jurist, kommunikasjonssjef og biblioteksjef ved Høgskulen i Volda.

Desse og andre ledige stillingar er å finne på nettsida nedanfor - der er det også høve til å få e-postvarsling når det blir lyst ut nye stillingar hos oss.

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN:

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>